

# HARDANGERVIDDIA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

[www.hardangerviddagruneigar.no](http://www.hardangerviddagruneigar.no)

[nbjoer-v@online.no](mailto:nbjoer-v@online.no)

**HG-NYTT**

**Nr. 50, april 2023**

**Red.: Nils Bjørn Vistad**

27.04.23

## ***Styremøte i HG, 14.04.23.***

Møtet vart halde i forkant av årsmøtet same stad. Grunna problem med fjellovergangane vart møtet sterkt avgrensa i tid. Fleire vart over tre timar forsinka. Utover førebuing av årsmøtet hadde styret oppe til orientering den nye organisasjonen/stiftinga «Redd Villreinen». For meir omtale av styremøtet vises til utsendt referat.

## ***Årsmøtet i HG for 2023***

Møtet vart halde på Ullensvang Hotel, Lofthus i Hardanger, 14.04.23, i samband med det faste vår-fagmøtet til Villreinutvalet, same stad dagen etter. 38% av samla medlemsareal var representert i møtesalen.

Dei faste årsmøtesakene vart kommentert litt ymis og i det heile samrøystes godkjent.

Valkomiteens innstilling vart fylgd i eitt og alt. Einaste endring i høve tidlegare var utskifting av eitt styremedlem. Johan Vaa frå Vinje (Rauland) gjekk ut av styret avdi lokallaget noko i forkant hadde bytt Johan ut med Herman Tank-Nielsen. Herman erstatta då automatisk Johan også i sentralstyret i HG.

Johan Vaa vart takka av ved leiar, for si lange teneste: 16 år i styret (frå 2002) og derav heile 8 år som leiar. Han fekk overrakt ein gravera kniv for dette.

----- 000 -----

## ***Villreinutvalet sitt årsmøte***

Det er sjeldan «HG-Nytt» kommenterer noko frå VU sine årsmøter, men denne gong stod sak om vedtektsendring på kartet. HG har i lengre tid (3-4 år) jobba for at representasjonen i VU-styret skulle syne arealsituasjonen på ein betre måte. Ser ein det private medlemsareal i HG opp mot «fjellstyrearealet» burde styret i VU (8 plassar) mest rett vore delt med 3 til Fjellstyra og 5 til HG. Sidan vedtektene ikkje seier noko om vekta avstemming ville alle framømte bruksberettiga m.v. ha kvar si stemme. I høve nett denne eine saka var der eit særdeles godt framømte i salen denne dagen, og stemmeresultatet var dimed gjeve på førehand. Ei prøveavrøysting (etter framlegg frå Johan Vaa) viste solid overvekt for Fjellstyras syn. Før endeleg røysting gjorde Johan då framlegg om at alle burde gå for same løysing: Uendra styresits! Slik vart det.

Skal denne saka opp att nokon gong seinare vil det kreve vedtektsendring i VU i førekant,- slik at ei avstemming vært i samsvar med arealtyngde. Dette avdi det er arealressursane som skaper verdigrunnlaget på Vidda (og alle andre stader i norsk utmark).

## ***VÅRFAGMØTET 15.10.2023, kl.09.00-17.00***

Dette er normalt populære møter (både vår og haust) og samlar godt med deltakerar. I år hadde vi dessutan det omstridte vinterbukkt-uttaket som ekstra «varmesak» i bakkant. Som kjent vart det

faglege rådet om vinteruttak overprøva politisk,- og det sterkt omstridte tiltaket lagt i skuffen. Ein satsar nå heller alt på komande haustjakt og eit ekstraordinært jaktuttak.

### ***Bestandsplan, kvote og tiltak (Svein Erik Lund m.fl.)***

VU utarbeidde eit spørreskjema som grunnlag for utarbeiding av plan og kvote, men ein kan vel sei at dette vel kanskje skapte like mykje ufred som avklaring. Dei fleste er vel einige om det ein må sikte på, men vegen fram brigdar mellom dei som meiner ein kan bruke betre tid på vegen og dei som ser CWD-faren så stor at tidsrisikoen veg tyngre.

Uansett: Dette er fortid,- nå gjeld det bestandsplan – kvote m/tiltak – godkjenning og uttak gjennom jakt. Og så blir det nye vurderingar etter haustjakten. Ein vil med stor spenning avvente alle nye prøver frå både Hardangervidda og andre villreinområder m.m.

---

VU fremma fyrst eit framlegg til bestandsplan, som Villreinnemnda underkjente, mykje grunna ulike ambisjonar rundt bukkeprosenten i bestanden etter jakt. Aktørane på Lofthusmøtet såg ut til å kunne møtes rundt 15% (nemnda skulle ha nytt møte umiddelbart).

Utgangspunktet er eit fastmål om bestand som gir 1500 kalv (p.t. ikr. 1200) i tilvekst,- dvs. ekstremsterkt simlevern.

- + Totalkvote 4.000 dyr, *bare bukk* «voksen bukk, 2 ½ år og eldre».
- + Jakttid 20.08 til 20.09.
- + Dyreposisjonane blir tilgjengeleg med 3 dgr. forsinking.
- + Kvalifisert prøvelevering (inkl. kjeve og målt vekt) blir godtgjort med kr.1.500 pr dyr.
- + Vidareført dispensasjon frå krav om skriftleg fellesjaktavtale.
- + Vidareføring av fredingssoner.

Ein vonar på eit resultat på opp mot 500 bukk!

---

### **Villreinnemnda (Endre Lægreid)**

Nemnda er svært klar over at vinteruttaket av bukk vart avlyst med veldig liten margin...

Det stilles difor *absolutte* krav om:

- Full innsats frå jegerar og rettighetshaverar, med maks uttak av bukk (spes. gammal bukk).
- Full oppslutting om prøvetaking av både lymfeknute og hjerne.

### **Atle Mysterud (Universitetet i Oslo)**

Han hadde ein forholdsvis komplett framstilling av situasjonen i Nord-Amerika og Canada, som var mildt sagt skremande. Der måtte ein nå leve med at situasjonen i stor grad var ute av kontroll (og heller ikkje mogleg å få under kontroll). Ein må der bare leve med prionsjuken i hjortedyrbestandene! I Norge har vi ennå handlerom for å (i verste fall) unngå tilsvarande.

Hans jegerhjarta sympatiserte med aksjonene mot vinteruttaket, men la han hjartet (bokstaveleg) til side, og fylgde forskaren og fagmannen i seg sjølv,- så hella han vel helst i retning Mattilsynet/Veterinærinstituttet sine ynskje (basert på Vitenskapskomiteen).

Han såg ingen prionsmittesamband mellom sau og rein, og utelukka slik kobling.

Prionet på Hardangervidda er det same som i Nordfjella.

## **Jørn Vaage (Veterinærinstituttet)**

Gjennom 7 år er det nå tatt 165.000 CWD-prøver på ulike hjortedyr (alle arter er genetisk mottakelege for CWD).

I øyeblikket synes vi vera i eit «vakum», avdi vi veit ikkje meir enn for eit år sidan...

Forvaltinga baserer seg framleis på Vitenskapskomiteens faglege plattform.

Han framheva at vi tross sein spreingstakt, har liten tid... og meiner at det nett nå ikkje er samsvar mellom det vi veit om CWD og dei tiltak som blir iverksett («...vi utsetter nødvendige tiltak fordi vi tror vi har tid...»).

## **«Redd Villreinen» (Sverre Skogen)**

Det har oppstått eit nytt organ på Hardangervidda, stiftelsen «Redd Villreinen», med Sverre Skogen som leiar/talsmann. Stiftelsen skal arbeide for bevaring av norsk villrein, primært gjennom bidrag for utvikling av meir eller ny kunnskap om reinen.

Frå stiftelsesdokumentet finn ein m.a. dette om formålet:

*Arbeide for å fremme kunnskap om villreinen som kan bidra til god, kunnskapsbasert forvaltning og sikre en livskraftig og sunn villreinstamme med genetisk særpreg. Stiftelsen vil arbeide aktivt for å finansiere forskning og kunnskapsutvikling som berører villreinen, herunder sykdom.*

Sverre Skogen fekk høve til å informere villreinmøtet i Lofthus. Han heldt då fram at ny forskning var naudsynleg og at nye forskingsmiljø/einskildforskerar var like vesentleg. Han var tydeleg på sin underkjenning av den forskning som låg til grunn for dagens kunnskapsnivå,- og dermed også dagens forvaltning, som er basert på nettopp denne forskinga.

Styret i HG ser det som positivt om stiftelsen kan initiere og finansiere meir satsing på relevant forskning, eksempelvis i tilknytning til CWD-situasjonen og i høve ulik ferdsleproblematikk.

## **Tiltaksplan for Hardangervidda (Olav Thøger Haaverstad, statsforvalter i Oslo og Viken)**

Tiltaksplanen tar utgangspunkt i kvalitetsnormene for villrein som vart synleggjort for ikkje så lenge sida. Her havna som kjent vårt kjære Hardangervidda på botnplass!

Arbeidet går i ekspressfart og fyrste utkast til plan skal vera klar 1.desember i år! Dårleg tid, med andre ord.

Sjølv arbeidet er prosjektorganisert og inndelt etter «målområder», slik:

- \* Bedre reinens tilgang til gode kalve- og oppvekstområder, samt sommarbeiter i nordvest.
- \* Sikre haust- og vinterbeiter på nordvidda og austvidda.
- \* Ivareta urørte områder og trekkområder som reinen brukar i dag.
- \* Ivareta trekkområdas funksjonalitet gjennom året.
- \* Vurdere endringar i bestandsforvaltinga.

Olav inviterer interesserte til å tiltre ei vid referansegruppe, og oppfordrer til beinveges e-post frå dei som ynskjer å delta. Jfr.: [olav.haaverstad@statsforvalteren.no](mailto:olav.haaverstad@statsforvalteren.no)

